Voss herad

# STANDARD KONTRAKT FOR VAREKJØP

24/4223

KJØP AV LIFT MED CHASSIS TIL VOSS BRANNVERN

Kontrakten er inngått mellom:

**<Navn>**

Org.nr. <Sett inn>

(heretter kalla Leverandøren)

**og**

**Voss Herad**

(heretter kalla Oppdragsgjevar)

Kontrakten vert signert digitalt. Dato for signering av avtalen kjem frå av signeringsbilaget.

| For Oppdragsgjevar | For Leverandøren |
| --- | --- |
| <Namn> | <Namn> |
| <Stilling> | <Stilling> |

Innhald

1. Generelle bestemmingar ..... 5
1.1. Kontraktens formål ..... 5
1.2. Kontraktens dokument ..... 5
1.3. Tolking og rangordning ..... 5
1.4. Varigheit ..... 5
2. Leverandørens plikter ..... 5
2.1. Varenes eigenskapar ..... 5
2.2. Overføring av eigedomsrett, rettsmanglar ..... 6
2.3. Overføring av dokument ..... 6
2.4. Underleverandørar ..... 6
2.5. Forsikringar ..... 6
2.6. Varslingsplikt ..... 6
2.7. ILO-kjernekonvensjonar ..... 6
2.8. Oppdragsgjevars mislighaldsbeføyelsar ..... 7
2.9. Reklamasjonsperiode ..... 7
2.10. Reklamasjonsperiode ..... 7
2.11. Brot på varslingsplikt ..... 7
2.12. Tilbakehald av betaling ..... 8
2.13. Dagbot ..... 8
2.13.1. Dagbot ved forseinkingar ..... 8
2.13.2. Dagbot ved brot på administrative vilkår og faktureringsrutinar ..... 8
2.14. Erstatning ..... 8
2.15. Heving ..... 8
2.15.1. Rett til heving ..... 8
2.15.2. Dekningskjøp ved heving ..... 9
2.15.3. Forventa misleghald ..... 9
2.15.4. Øvrige misligholdsbeføyelsar ..... 9
3. Oppdragsgjevars plikter ..... 9
3.1. Alminnelege forpliktingar ..... 9
3.2. Klarheit overfor Leverandøren ..... 9
3.3. Varslingsplikt ..... 9
4. Leverandørens misleghaldsbeføyelsar ..... 9
4.1. Reklamasjon ..... 9

4.2. Forsinka betaling ..... 10
4.3. Brot på varslingsplikt ..... 10
4.4. Leverandørens tilbakehaldsrett ..... 10
4.5. Erstatning ..... 10
4.6. Heving ..... 10
4.6.1. Rett til heving ..... 10
4.6.2. Hevingsoppgjer ..... 10
4.7. Føreventa misleghald ..... 10
5. Garanti ..... 11
6. Endringar ..... 11
7. Overføring av rettar og plikter ..... 11
8. Teieplikt ..... 11
9. Tvistar ..... 12
9.1. Rettsval ..... 12
9.2. Forhandlingar ..... 12
9.3. Mekling ..... 12
9.4. Domstols- eller voldgiftsbehandling ..... 12

# 1. Generelle bestemmingar

## 1.1. Kontraktens formål

Denne Kontrakten er inngått for å dekke Oppdragsgjevars behov for leveranse av varer og eventuelt tilhøyrande tenester som er skildra i Bilag 1.

## 1.2. Kontraktens dokument

Kontrakten består av følgjande dokument:

| Bilag nr. | Tittel | Ja | Nei |
|---|---|---|---|
| Bilag 1 | 1A - Kravspesifikasjon<br>1B - Innhaldsliste lift Voss | X<br>X | |
| Bilag 2 | Leverandøren si stadfesting av krav med vedlegg<br>Leverandøren si skildring av dei kvalitative tildelingskriteria | X<br>X | |
| Bilag 3 | Pris – og Prisvilkår | X | |
| Bilag 4 | Prisskjema | X | |
| Bilag 5 | Andre vedlegg som er relevante for kontrakten | | |

## 1.3. Tolking og rangordning

Ved motstrid mellom kontraktsteksten og bilaga til denne, skal følgjene tolkningsprinsipp leggjast til grunn:

1. Den generelle kontraktsteksten (dette dokumentet) går føre bilaga.
2. Bilag 1 går føre dei andre bilaga.
3. I den grad det klart og utvitydig framgår kva punkt eller punkt som er endra, erstatta eller lagt til, skal følgjande motstridsprinsipp gjelde:

   a) Bilag 2 går føre Bilag 1.

4. Der ikkje noko anna er bestemt, går bilag med lågare nummerering føre bilag med høgare nummerering.
5. For øvrig gjeld prinsippet om at spesielle bestemmingar går føre generelle, og prinsippet om at nyare bestemmingar går føre eldre.

## 1.4. Varigheit

Kontrakten gjeld frå signaturdato og inntil partane har innfridd sine forpliktingar etter Kontrakten.

# 2. Leverandørens plikter

## 2.1. Varenes eigenskapar

Leverandøren skal levere varene i samsvar med dei krava til art, mengde, kvalitet, andre eigenskapar og innpakning som følgjer av avtalen. Leverandøren er ansvarleg for at dei varene som vert levert er i samsvar med gjeldande lovgjeving og godkjenningskrav.

## 2.2. Overføring av eigedomsrett, rettsmanglar

Eigedomsretten til varen skal overførast til Oppdragsgjevar på det av dei to følgjande tidspunkta som først inntreff:

- Tidspunktet der Oppdragsgjevaren betalar for varen.
- Tidspunktet der Oppdragsgjevaren godkjenner leveransen av varen.

Leverandøren skal levere varene fri for krav frå tredjepart som ikkje er beskrivne i avtalen, og skal halde Oppdragsgjevar skadeslaus for alle former for tredjepartskrav knytt til varene.

Leverandøren skal levere varene med dei nødvendige godkjenningane, sertifikata og løyve som er naudsynt ifølgje offentleg myndigheit for at Oppdragsgjevar skal kunne bruke varene slik leverandøren er kjent med at dei skal brukast.

## 2.3. Overføring av dokument

Der varene er representert ved dokument, skal desse leverast saman med varene.

## 2.4. Underleverandørar

Med mindre anna er avtalt mellom partane, kan leverandøren nytte underleverandørar til å oppfylle sine forpliktingar etter kontrakten. Leverandøren er likevel ansvarleg for oppfyllinga av heile leveransen. Oppdragsgjevar har rett til å underkjenna valet av underleverandør dersom det føreligg sakleg grunnlag.

## 2.5. Forsikringar

Leverandøren skal halde varene dekte av forsikring fram til risikoen går over til Oppdragsgjevar.

## 2.6. Varslingsplikt

Hindrar Leverandøren seg frå å oppfylle sine forpliktingar til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gi melding til Oppdragsgjevar om hindringa og dens verknad på moglegheita til å oppfylle. Leverandøren skal kunne dokumentere når og korleis slik melding vart gjeven.

## 2.7. ILO-kjernekonvensjonar

Leverandøren skal etterleve ILO-kjernekonvensjonar. Leverandørens status innan dette emnet vil inngå som ein del av kontraktsoppfølginga i avtaleperioden. Formålet er at aktuelle avtaleprodukt skal etterleve ILO-kjernekonvensjonar i heile leverandørkjeda, og for å oppnå dette vil det vere fokus på kontinuerleg forbetring gjennom heile avtaleperioden. Dersom forbetringstiltak vert fastsett, vil Oppdragsgjevar gi Leverandør rimelege fristar for å oppfylle desse.

Følgjande konvensjonar vert rekna som ILO-kjernekonvensjonar:

| Hovudkategori | ILO-konvensjon | Omhandlar / innhald |
|---|---|---|
| Forbod mot barnearbeid | 138 | Minstealderen for tilgang til sysselsetting eller arbeid skal ikkje vere lågare enn den alderen då skuleplikta opphøyrer, og skal under alle omstende ikkje vere lågare enn femten år. |

| | | |
|---|---|---|
| | 182 | Om forbod mot og umiddelbare tiltak for å avskaffe dei verste formene for barnearbeid |
| Organisasjonsfridom | 87 | Om fridom til å organisere seg og vern av organisasjonsretten |
| | 98 | Om retten til å organisere seg for å føre kollektive forhandlingar |
| Forbod mot diskriminering | 100 | m lik lønn for mannlege og kvinnelige arbeidarar for arbeid av lik verdi |
| | 111 | Om diskriminering i sysselsetting og yrke |
| Forbod mot tvangsarbeid | 29 | Om tvangsarbeid |
| | 105 | Om avskaffing av tvangsarbeid |

# 2.8. Oppdragsgjevars mislighaldsbeføyelsar

## 2.9. Reklamasjonsperiode

Dersom Oppdragsgjevar ønskjer å gjere gjeldande mislighaldsbeføyelsar, må han gi skriftleg melding til leverandøren om mangelen innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen.

Reklamerer ikkje Oppdragsgjevar innan 2 – to – år etter den dagen han overtok tingen, kan han ikkje seinare gjere mangelen gjeldande. Dette gjeld ikkje dersom Leverandør ved garanti eller annan avtale har påteke seg ansvar for manglar i lengre tid.

Oppdragsgjevar kan uansett gjere mangelen gjeldande dersom Leverandøren har opptredd grovt uaktsamt eller elles i strid med ærlegdom og god tru.

## 2.10. Reklamasjonsperiode

Dersom Oppdragsgjevar ønskjer å gjere gjeldande mislighaldsbeføyelsar, må han gi skriftleg melding til leverandøren om mangelen innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen.

Reklamerer ikkje Oppdragsgjevar innan 2 – to – år etter den dagen han overtok tingen, kan han ikkje seinare gjere mangelen gjeldande. Dette gjeld ikkje dersom Leverandør ved garanti eller annan avtale har påteke seg ansvar for manglar i lengre tid.

Oppdragsgjevar kan uansett gjere mangelen gjeldande dersom Leverandøren har opptredd grovt uaktsamt eller elles i strid med ærlegdom og god tru.

## 2.11. Brot på varslingsplikt

Dersom Oppdragsgjevar ikkje får slik melding som fastsett i pkt. 2.6 innan rimeleg tid etter at Leverandøren fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan Oppdragsgjevar krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.

## 2.12. Tilbakehald av betaling

Har Oppdragsgjevar krav som følgje av leverandørens mislighald, kan Oppdragsgjevar halde tilbake så mykje av kjøpesummen som mislighaldet synest å utgjere av det samla vederlaget.

## 2.13. Dagbot

### 2.13.1. Dagbot ved forseinkingar

Dersom leverandøren ikkje held fristar som avtalt, føreligg forseinkinga som gir grunnlag for dagbot. Ved forseinking byrjar dagbot å gå automatisk.

Dagbota utgjer 1 % av vederlaget for den delen av leveransen som vert påverka av forseinkinga pr. kvar dag forseinkinga varer, avgrensa til 20 – tjue – kvardagar. Dagbota utgjer uansett minimum kr. 1000,- pr. kvar dag.

Dersom dagbot ikkje dekkjer Oppdragsgjevar sine dokumenterte direkte tap som følgje av forseinkinga, kan Oppdragsgjevar søkje erstatning for det overskytande beløpet.

### 2.13.2. Dagbot ved brot på administrative vilkår og faktureringsrutinar

Dersom Leverandøren gjentekne gonger gjer seg skuldig i brot på administrative bestemmingar og/eller faktureringsrutinar, eller dersom Leverandøren på annan måte opptrer slik at han er skuldig i vesentleg brot på administrative bestemmingar og/eller faktureringsrutinar, kan Oppdragsgjevar krevje at Leverandøren rettar opp i forholda utan ugrunna opphald.

Dersom Leverandøren ikkje kan dokumentere at forholda er retta opp innan den fristen som er sett, kan Oppdragsgjevar krevje dagbot fram til rettinga er dokumentert utført. Dagbota sitt beløp regulerast av pkt. 3.4.1, men det gjeld ingen avgrensing på løpetida.

Denne bestemminga innskrenkar ikkje verken Oppdragsgivars rett til å krevje dagbot for forseinking eller til å iverksetje andre beføyelsar i samsvar med Kontrakten.

## 2.14. Erstatning

Oppdragsgjevar kan krevje erstatning for det tapet han lider som følgje av Leverandørens mislighald, så langt Leverandøren ikkje godtgjer at misleghaldet skuldast suspensjonsgrunnar eller forhold som elles ikkje kan tilskrivast Leverandøren.

Erstatninga skal dekke Oppdragsgjevar sitt direkte tap.

Indirekte tap vert ikkje dekt.

Erstatninga er avgrensa til summen av vederlaget etter Kontrakten eksklusive meirverdiavgift.

Har Leverandøren fare åt grovt uaktsamt eller elles i strid med ærlegdom og god tru, gjeld ikkje erstatningsavgrensingane som kjem fram av dette punktet.

## 2.15. Heving

### 2.15.1. Rett til heving

Oppdragsgjevar kan heve Kontrakten med umiddelbar verknad dersom Leverandøren vesentleg mislegheld sine forpliktingar.

Så lenge dagbota løper, kan Oppdragsgjevar ikkje heve Kontrakten. Dette gjeld ikkje dersom Leverandøren eller nokon han svarar for har opptredd grovt uaktsamt eller elles i strid med ærlegdom og god tru. Dette gjeld heller ikkje dersom varens verdi reduserast vesentleg som følgje av forsinkelsen.

Oppdragsgjevar kan heve Kontrakten med umiddelbar verknad ved forseinking, dersom forsinkelsen varer utover dagbotperioden.

Rettsmanglar vert rekna som vesentleg misleghald.

Konkurs, akkord o.l. på leverandørens side gir Oppdragsgjevar hevingsrett.

#### 2.15.2. Dekningskjøp ved heving

Ved heving har Oppdragsgjevar rett til å gjennomføre dekningskjøp på ein rimeleg måte og innan rimeleg tid etter hevinga. Oppdragsgjevar har då ved krav om erstatning krav på differansen mellom kontraktsprisen og prisen på dekningstransaksjonen, i tillegg til annan erstatning etter denne Kontrakten.

#### 2.15.3. Forventa misleghald

Dersom det etter kjøpet framgår av Leverandørens handlemåte eller av ein alvorleg svikt i hans kredittverdigheit eller evne til å oppfylle at han ikkje kjem til å oppfylle ein vesentleg del av sine plikter, kan Oppdragsgjevar innstille sin oppfylling og halde sin ytinga tilbake.

Dersom det forventa misløyset er vesentleg, inntreff hevingsrett allereie før tida for oppfylling.

#### 2.15.4. Øvrige misligholdsbeføyelsar

Øvrig mislegholdsbeføyelsar følgjer av dei alminnelege reglane i lov om kjøp av 13. mai 1988 nr. 27 (kjøpslova).

# 3. Oppdragsgjevars plikter

## 3.1. Alminnelege forpliktingar

Oppdragsgjevar skal:

a) Betale kjøpesummen;
b) medverke til Leverandørens oppfylling og levering; og
c) vere ansvarleg for klarleiken overfor Leverandøren mht. formålet for kjøpet og Oppdragsgjevar sitt krav og behov.

## 3.2. Klarheit overfor Leverandøren

Oppdragsgjevar er ansvarleg for å ha gjeve uttrykk for formålet med kjøpet og sine krav og behov overfor Leverandøren på ein slik måte at Leverandøren har eit tilstrekkeleg klart grunnlag for sine kontraktsforpliktingar.

## 3.3. Varslingsplikt

Hindrast Oppdragsgjevar i å oppfylle sine forpliktingar til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gje melding til Leverandøren om hindringa og dens verknad på moglegheita til å oppfylle. Oppdragsgjevar skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gitt

# 4. Leverandørens misleghaldsbeføyelsar

## 4.1. Reklamasjon

Leverandøren skal reklamere skriftleg utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

## 4.2. Forsinka betaling
Ved forsinka betaling som skuldast forhold innanfor Oppdragsgjevar si kontroll, kan Leverandøren krevje forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling mv.

## 4.3. Brot på varslingsplikt
Dersom Leverandøren ikkje får slik melding som fastsett i pkt. 4.3 innan rimeleg tid etter at Oppdragsgjevar fekk eller burde fått kjennskap til hindringa, kan Leverandøren krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.

## 4.4. Leverandørens tilbakehaldsrett
Leverandøren kan ikkje halde tilbake ytinga som følgje av Oppdragsgjevar sitt mislighald. Dette gjeld likevel ikkje dersom misleghaldet er vesentleg.

## 4.5. Erstatning
Leverandøren kan krevje erstatning for det tap han lid som følgje av Oppdragsgjevar sitt mislighald, for så vidt Oppdragsgjevar ikkje godtgjer at misleghaldet skuldast suspensjonsgrunnar som nemnd i Kontrakten eller forhold som elles ikkje kan tilskrivast Oppdragsgjevar.

Erstatninga skal dekkje Leverandøren sitt direkte tap.

Indirekte tap, jf. lov av 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp § 67 (2), dekkast ikkje.

Erstatninga er avgrensa til summen av vederlaget etter Kontrakten eksklusive meirverdiavgift.

Har Oppdragsgjevar opptredd grovt uaktsamt eller elles i strid med ærlegdom og god tru, gjeld ikkje dei erstatningsavgrensingane som kjem fram av dette punktet.

## 4.6. Heving

### 4.6.1. Rett til heving
Leverandøren kan heve Kontrakten med umiddelbar verknad dersom Oppdragsgjevar vesentleg mislegheld sine forpliktingar.

### 4.6.2. Hevingsoppgjer
Ved heving opphøyra Oppdragsgjevar sine rettar til varen.

Leverandøren kan krevje at ytinga som er levert av han vert levert tilbake eller sletta eller makulerte på forsvarleg vis etter hevinga. Leverandøren skal dekkje kostnaden ved dette.

Leverandøren har krav på vederlag frå Oppdragsgjevar i den utstrekning og så lenge Oppdragsgjevar utnyttar leveransen. I tillegg kjem forseinkingsrente og erstatning for tap som ikkje er meint å dekkjast av vederlaget.

Dersom Oppdragsgjevar har rett til å utnytte det leverte ei tid etter heving, kan Leverandøren stille krav om sikkerheit for sitt krav på vederlag for bruken.

## 4.7. Føreventa misleghald
Dersom det etter kjøpet går fram av Oppdragsgjevar sin handlemåte eller av ein alvorleg svikt i hans kredittverdigheit eller evne til å oppfylle at han ikkje kjem til å oppfylle ein vesentleg del av sine plikter, kan Leverandøren innstille sin oppfylling og halde sin yting tilbake.

Dersom det føreventa misleghaldet er vesentleg, inntrer hevingsrett allereie før tida for oppfylling.

# 5. Garanti

Leverandøren tar på seg i dei første 12 månader etter at leveransen er motteken, ansvar for feil og manglar som måtte påvisast ved leveransen. Dersom leverandøren i sitt tilbod har oppgitt garantiar som er lengre enn 12 månader, så gjeld desse. For delleveransar reknar ein fristen frå heile leveransen er ferdig installert og klar til bruk. Leverandøren skal i denne garantitida så snart som råd og for eigen rekning byte ut defekte delar eller reparere leveransen slik at leveransen er utan feil og manglar av noko slag. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn alminneleg praksis for gjeldande vare/bransje.

Bestemminga her gjer ingen avgrensing i Oppdragsgjevar si åtgang til å fremje mangelsanksjonar.

# 6. Endringar

Endringar i, eller tillegg til Kontrakten etter avtaleinngåing må gjerast skriftleg og underskrivast av begge partar for å være gyldige. Endringar og tillegg skal takast inn i eige endringsbilag.

# 7. Overføring av rettar og plikter

Partane kan ikkje overføre rettar eller plikter etter denne Kontrakten til tredjepart utan skriftleg førehandsamtykke frå den andre Parten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Dersom Leverandøren fusjonerer eller fisjonerer, har Oppdragsgjevar rett til å heve Kontrakten umiddelbart.

# 8. Teieplikt

Informasjon som ein part blir kjend med i samband med Kontrakten og gjennomføringa av Kontrakten skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Viss Oppdragsgjevar er ein offentleg verksemd, er teieplikt etter denne bestemminga ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne bestemminga er ikkje til hinder for utlevering av informasjon som krevst framlagt i samsvar med lov eller forskrift, inkludert offentlegheit og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Om mogleg skal den andre parten varslast før slik informasjon vert gitt

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane vert nytta når ingen berettiga interesse tilseier at dei vert haldne hemmelege, til dømes når dei er allment kjende eller allment tilgjengelege andre stader.

Partane skal ta nødvendige føre-var-tiltak for å sikre at uvedkomande ikkje får innsyn i eller kan bli kjende med tausheitsbelagd informasjon.

Teieplikta gjeld partane sine tilsette, underleverandørar og tredjepartar som handlar på ein parts vegner i samband med gjennomføringa av Kontrakten. Partane kan berre overføre tausheitsbelagd informasjon til slike underleverandørar og tredjepartar i den utstrekning dette er

nødvendig for gjennomføringa av Kontrakten, under bestemming av at desse blir pålagde plikt til konfidensialitet som samsvarar med dette punktet.

Teieplikta er ikkje til hinder for at partane kan nytte erfaring og kompetanse som vert opparbeidd i samband med gjennomføringa av Kontrakten.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er avslutta. Tilsette eller andre som fratrår sin teneste hos ein av partane skal påleggjast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor.

# 9. Tvistar

## 9.1. Rettsval

Retten og pliktene til partane etter denne avtalen vert avgjort i si heilheit av norsk rett.

## 9.2. Forhandlingar

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsvirkningane av avtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar.

## 9.3. Mekling

Dersom ein tvist i tilknyting til denne avtalen ikkje blir løyst etter forhandlingar, kan partane forsøkje å løysa tvisten ved mekling.

Partane kan velja å leggja til grunn Den Norske Advokatforenings reglar for mekling ved advokat, eventuelt modifisert slik partane ønskjer. Det føreset at partane vert einige om ein meklar med den kompetansen dei meiner passar best i høve til tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling blir bestemt av meklaren, i samråd med partane.

## 9.4. Domstols- eller voldgiftsbehandling

Dersom ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane krevja at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Oppdragsgivarens forretningsadresse er verneting.

Partane kan alternativt avtala at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved voldgift i Noreg. Kvar av partane skal oppnemne ein voldgiftsdommar. Dei partsoppnemnde voldgiftsdommarane skal innan ein månad deretter oppnemne voldgiftsretten sitt tredje medlem, som er voldgiftsretten si leiar. For øvrig gjeld reglane i lov om voldgift 14. mai 2004 nr. 25 (voldgiftslova).